



Under framføringa av Mitt lille land vart dette biletet teke (Foto: Thor Inge Døssland)

Det har vore ein fantastisk avslutningskonsert etter ei veke med svart musikk-sommarkurs på Moi. Konserten var i Sandnes kulturhus og knapt 100 dyktige musikarar i alderen 16-19 år bidrog for fullsett sal. Temaet for kurset var Funky



Trompet-trioen med Vegard Døssland, Øyvind Lapin Larsen og Kristoffer Paulsen (Foto: Thor Inge Døssland)

Musikarane har vore delt i to korps; - janitsjarkorpsset og storbandkorpsset. I tillegg til øvinga i korpsa har veka blitt brukt til solospeling og inspirerende einetimar med instruktør, mykje speling i mindre ensemble innan ulike sjangrar, valgfag og elles krydra med sosiale og sportslege aktivitetar. Kvar kveld var det huskonsertar.

Avslutningskonserten i Sandnes kulturhus vitna om ei særskild utviklande veke med musikarar som heldt høgt nivå. Begge korpsa hadde sine avdelingar og i tillegg hadde instruktørane plukka ut litt av det beste som hadde vorte presentert på huskonsertane i løpet av veka. Vegard vart svært sentral i programmet.

Etter at janitsjarkorpsset hadde opna spelte han Messingkvintett (saman med Karina Vigdel, kornett, Tonette Drangeid, horn, Ingrid Lutro, euphonium, og Julie Nilsen Frøystein, tuba.) i stykket Allegro Moderato fra kvintett i B-dur av Viktor Ewald.

Seinare i konserten framførte han trompet-trioen The Boogie Woogie Bugle Boy saman med Øyvind Lapin Larsen og Kristoffer S. Paulsen. Konserten vart avslutta med ei fantastisk avdeling av Storband-korpsset. Sterkt inntrykk gjorde det då dei mintest tragedien i Oslo og på Utøya då dei framførte eit heilt ferskt arrangement av Mitt lille land. Den musikalske leiaren Ebbe Sivertsen hadde arrangert, medlemmene i janitsjarkorpsset stod for vokalen og Storband-korpsset for musikken. Deretter fulgte nummer som det verkeleg svinga av. Vegard var solist i F for Funk av Ebbe Sivertsen.

Ståande applaus sjølsagt, og etter konserten var omkvedet at det var den beste avslutningskonserten på svart kurs som hadde vore. Vegard er kjempefornøgd med kurset.

Svært dyktige instruktører har gjeve god rettleiing. Han har fått utviklande utfordringar. Svært inspirerende!!

Av Thor Inge Døssland